



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

2017

Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Høringsrapport avgrensa høyring



OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Regionalavdelinga/planseksjonen
Kontaktinformasjon/ e-post:
Dato/ev. versjonsnr. 31.08.2017

INNHALD

INNLEIING	4
HØYRING 2017 – DRØFTING AV INNSPEL	5
Juridiske tilhøve	5
Regional planlegging versus kommunalt handlingsrom	5
Motsegn grunnlag	6
Plankart.....	6
Bærekraft i planlegging	6
Fortøyingar	7
Interkommunal strandsonenplan	7
Villaks	7
Farleier	8
Fiskeri	8
VURDERING AV ENKELTINNSPEL	9
Innspeil frå kommunane	9
Innspeil frå regionale statsetatar	27
Innspeil frå næringsaktørar	29
Andre innspel.....	31

Innleiing

Høyringsrapporten tek for seg avgrensa høyring i 2017 til kommunane, relevante statlege organ, næringsorganisasjonar og miljøorganisasjonar. Høyringsperioden var frå 15.februar til 29.mars 2017, men utvida til 12.mai for at alle kommunane skulle få behandla planforslaget politisk.

Det kom inn 21 fråsegner til høyringa; frå 10 kommunar, 4 regionale statsetatar og 5 næringsaktørar der 3 av desse var private akvakulturfirma. I tillegg har Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Fagrådet for Etne-vassdraget uttalt seg.

Høyring 2017 – Drøfting av innspel

JURIDISKE TILHØVE

Austevoll kommune har etterlyst avklaring av juridiske og faktiske sider ved planframlegget før vidare handsaming. Det gjeld bruk av arealsone landskapsområde i høve til omsynssone samt heimel for plankart. Fleire andre kommunar har også stilt spørsmål ved dette. I gjennomgang av høyringsfråsegnene på prosjektgruppemøte 31.05.2017 vart dette tatt opp. Fylkesmannen i Hordaland har kome med juridisk vurdering av planen datert 02.06.2017 i høve desse spørsmåla og andre juridiske spørsmål som kommunane har reist i avgrensa høyring.

Den juridiske vurderinga slår fast at Hordaland fylkeskommune har heimel til regional planlegging slik det er lagt fram i Regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

REGIONAL PLANLEGGING VERSUS KOMMUNALT HANDLINGSROM

Fleire av kommunane peiker på at dei vil stå fritt til å avsette sjøareal som går på tvers av arealstrukturen i planforslaget og at det bør ha status som kunnskapsgrunnlag.

Det er kommunen som er planmyndigheit på lokalt nivå. Planen viser arealavklarte område som må vurderast og detaljerast vidare i kommunal arealplanlegging. Dersom kommunane vel å setje av areal utanfor denne viste strukturen, må det grunnjevast og utgreiast særskilt. Retningslinjene og plankartet er meint å styrke kommunane i arbeidet med å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar.

Samstundes er regionale planavklaringar viktige for gjennomføring av nasjonal og regional politikk. Fylkeskommunen er regional planmyndigheit og regional plan skal ivareta denne oppgåva samt oppgåva som regional utviklingsaktør. Etter plan- og bygningslova skal regional planlegging leggjast til grunn for regionale organ sin verksemd, kommunal og statleg planlegging. Regionale planar skal ha eit langsiktig perspektiv. Oppgåver som krev avveging og avklaring mellom ulike interesser over sektor- og kommunegrenser, samt samordning og forpliktande samarbeid mellom mange aktørar i gjennomføringa.

I vedtatt Meld. St. 22(2015-2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver* er samfunnsutviklarrolla framheva og at regional planlegging er det sentrale verkemidlet for å utøve samfunnsutviklarrolla. Gjennom regional planlegging kan ein samordna sektorar og forvaltingsnivå og i fellesskap prioritera utfordringar som krev felles innsats.

I vedtatt Meld.St.18(2016-2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt* er også rolla til fylkeskommunane framheva. Det går mellom anna fram at regjeringa forventar at fylkeskommunane tar ei aktiv rolle i planlegging av kystsona, anten gjennom regional planlegging eller ved å støtte kommunane i interkommunale og kommunale prosessar. Det er peikt på at eit regionalt perspektiv på kystsonoplanlegginga vil innebere at til dømes areal til akvakulturnæringa ikkje kan fordelast likt mellom kommunane, men må vurderast ut frå kva område som totalt sett er best eigna. Dette vil mellom anna vere naudsynt for å sikre ei berekraftig forvaltning av villaks og anna naturmangfald.

Vedtatt regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 peiker ei klima- og miljøvenleg utvikling som eit av fire hovudmål for Hordaland. *Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar* er ein vedtatt strategi under dette hovudmålet. Overordna planar for bruk og vern av areal- og naturressursar er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling. Forpliktande regional arealplanlegging med bruk av kart og retningslinjer gir føreseielege og meir effektive planprosessar.

Tilråding:

Kystsonoplanen har retningslinjer for kommunal planlegging og viser ei overordna arealdisponering for planområdet som kommunane skal detaljere og vurdere vidare. Handlingsrommet til kommunane er ivaretatt i planframlegget som grunnlag for kommunal planlegging. Dette er i samsvar med plansystemet. Kystsonoplanen er meir enn eit kunnskapsgrunnlag og kan ikkje vedtakast som dette.

MOTSEGNSTRUNNLAG

Fleire kommunar peiker på at den regionale kystsonenplanen ikkje skal vere heimelsgrunnlag for motsegn til kommunale planar.

Regional plan med retningslinjer om arealbruk gir grunnlag for vurdering av motsegn frå regionale organ. Det ligg i plan- og bygningslova § 8-2 uavhengig av retningslinjene. Dette går også fram av den juridiske vurderinga frå fylkesmannen. Retningslinje 1.3 omhandlar dette: *Regional kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger inneheld retningslinjer som ivaretek måla i planen. Dei regionale retningslinjene vil kunne vere utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regionale mynde*

Tilråding:

Dersom det er stor motstand mot siste ledd av retningslinje 1.3, kan den takast ut. Dei faktiske tilhøva vert likevel ikkje endra.

PLANKART

Fleire kommunar og næringsaktørar er kritiske til plankartet.

Plankartet er retningsgjevande og skal leggjast til grunn for kommunal planlegging. Dei avsette områda skal likevel vurderast og detaljerast i dei kommunale planprosessane. Plankartet har ikkje juridisk verknad. Det illustrerer retningslinjene for dei geografisk definerte områda. Vedtatt planprogram la opp til at det skulle sikrast tilgang til gode produksjonsområde for akvakulturnæringa i sjø og at det skulle definerast ei overordna struktur for akvakultur. I kystsonenplanen er det vist ein framtidig struktur for akvakultur gjennom Arealsoner akvakultur og Arealsoner sjø og vassdrag inklusiv akvakultur. Den framtidige strukturen er framkome gjennom arealanalyse med utgangspunkt i gjeldande lokalitetar for akvakultur og avsett areal til akvakultur i kommuneplanane. Eit hovudfokus på eksisterande lokalitetsstruktur vart også signalisert som viktig frå næringa si side i planprosessen. Dette er også trekt fram frå næringa ved avgrensa høyring.

For å ivareta framtidig struktur for akvakultur og regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er det behov for plankart for å synleggjere desse geografiske områda. Dette er i samsvar med vedtatt Regional planstrategi for Hordaland og nyleg vedtatt stortingsmelding om *Nye folkevalgte regioner* (Meld. St. 22(2015-2016)).

Tilråding:

Plankartet er ein viktig del av planen og må vere til stades for å synleggjere den geografiske dimensjonen. For å tydeleggjere verknaden, kan det førast på at kartet illustrerer retningslinjene.

BÆREKRAFT I PLANLEGGING

Fleire av kommunane og akvakulturnæringa er kritiske til Arealsoner landskapsområde og meiner dei er for store og vil hindre utvikling på land og i sjø.

Berekraftsprinsippet ligg som premis i overordna målsetjingar og forslag til regional kystsonenplan. Det er både vist struktur for akvakulturnæringa og regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Dette er i samsvar med nasjonale føringar i både vedtatt Meld.St.18(2016-2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt og Nasjonale forventingar for regional og kommunal planlegging 2015*:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsonenplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet blir sett i eit regionalt perspektiv.
- Fylkeskommunane og kommunane identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Den tilgjengeleg kunnskapen blir teken aktivt i bruk, og ein trekkjer fram og tek omsyn til dei samla verknadene.

Dei overordna føringane er søkt ivaretatt i kystsonenplanen gjennom avveging av bruks- og verneomsyn.

Akvakulturnæringa og Austevoll kommune peiker særleg på sonene i Austevoll som negative utifrå eksisterande busetnad og verksemd. Fitjar kommune trekk fram Fitjarøyane i høve til akvakulturnæringa og

flytting av lokalitetar. Fylkesmannen peiker på At ved ny avgrensing av sonenen i Mauranger og Lygropollen, er viktige verdiar utelatt.

For å minske konflikt om planframlegg, kan ei nærmare vurdering av desse områda vere tilrådeleg.

Tilråding:

Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne vert opprettholdt som arealsoner for landskapsområde. Ein kan sjå nærmare på:

- Avgrensinga for dei to sonene i Austevoll utifrå omsyn til eksisterande og planlagd busetnad.
- Avgrensinga av Maurangsfjorden og Lygropollen i høve til naturverdiar. Ny retningslinje for Fitjarøyane for å ivareta akvakulturnæringa i området.

FORTØYINGAR

Fleire kommunar og næringa peiker på at fortøyningar må kunne leggjast i areal definert som Arealsoner Sjø og vassdrag generelt.

Det var eit utgangspunkt i planarbeidet at Arealsonene for akvakultur var avsett så store at fortøyningar kunne etablerast innafor. Dette vart gjort ved innhenting av målte data for fortøyningar og gjennom standard-formel for utrekning av fortøyingsareal. Djupnetilhøva varierar og vi ser at i djupe område trengs svært lange fortøyningar. Standardformelen fangar ikkje opp dette.

Viser elles til andre og siste ledd av retningslinje 3.3.2. *Områda skal i vere romslege nok til å sikre god fleksibilitet. Det må sikrast mogleik for fortøyning av anlegg i tilgrensande område.*

Planlegging for sikring av fortøyningar kan gjerast på ulike måtar i kommunal planlegging. Kystsoneplanen trekk ikkje opp ein særskilt måte dette skal gjerast på. Det kan virke som det er mistyding av planen på dette punktet.

Tilråding:

Dersom tilhøve til fortøyningar er uklårt i planen, kan retningslinjene presisera dette meir tydeleg.

INTERKOMMUNAL STRANDSONEPLAN

Tilhøve til interkommunal strandsonerplan er tatt opp av fleire kommunar.

Dei regionale retningslinjene for strandsona i kystsoneplanen er på eit overordna nivå. Detaljering av føresegnene i interkommunal plan kan skje innanfor rammene av overordna retningslinjer. Dette gjeld til dømes for plankrav i retningslinje 2.32. Det er såleis ikkje konflikt mellom dei to planframlegga, noko som også er avklara med Samarbeidsrådet i høyringsperioden.

Tilråding:

Interkommunal strandsonerplan og regionale retningslinjer om strandsona i kystsoneplanen er i samsvar. Kommunale og interkommunale føresegner kan detaljerast vidare innafor dei regionale og overordna rammene.

VILLAKS

Tilhøve til dei ville laksestammene er eit viktig tema i Sunnhordland og ytre Hardanger. Det er søkt å ivareta gjennom kystsoneplanen. Etne kommune og fylkesmannen peiker på at dette ikkje er tilstrekkeleg løyst i planframlegget til regional kystsoneplan. Kunnskapsgrunnlaget for vandringsvegane til laksen er ikkje tilstrekkeleg, sjølv om ein har indikasjonar på når laksesmolt trekk ut til havet.

Lakselus er blitt berekraftsindikator i høve til vekst i oppdrettsnæringa gjennom nytt system med produksjonsområde og kapasitetsjusteringar i lakse- og aureoppdrett. Førebels vurdering (datert 15.06.2017) viser at produksjonsområde 3. Karmøy –Sotra har høg risiko for villfiskdødelegheit på grunn av lakselus og er vist med raud sone.

Tilråding:

Regional kystsoneplan skal ta omsyn til villaks ved vurdering av nye arealsoner for akvakultur i ytre delar av planområdet.

FARLEIER

Kystverket peiker på at ein bør revurdere omfanget av akvakulturområde i konflikt med farleier. Dei peiker særleg på Langenuen, Ålfjorden og Solesnes/Samlaneset i Hardanger. Ivaretaking av farleiene er eit hovudprinsipp i planen og dei utvida akvakulturområda bør avgrensast i samsvar med dette.

Tilråding:

Akvakulturområda i Langenuen, Ålfjorden og Hardangerfjorden må avgrensast i samråd med Kystverket.

FORSVARET

Forsvarsbygg har peikt på konflikt mellom skytefeltet Strandvik K3 og akvakultur i Fusa. Det er Arealsoner akvakultur med eksisterande lokalitet og eit fellesområde med akvakultur (Arealsoner Sjø og vassdrag generelt (utvida område med AK)). Gjeldande lokalitet er avklart, men nytt fellesområde er i konflikt med skytefeltet.

Tilråding:

Fellesområde med akvakultur er foreslått redusert til utanfor skytefeltet.

FISKERI

Fiskarlaget er ikkje nøgd med korleis fiskeri er handsama i planen. Dei peiker på at fiskeri er viktig næring som bør ha eige plantema. Dei har også konkrete merknader til tekst om fisk som står i lås.

Fiskeridirektoratet meiner at det bør takast inn supplerande tekst om marine artar.

Fiskeri er handsama i plantema berekraftig kystsoneplanlegging og det er retningslinjer og temakart som synleggjer fiskeriinteressene.

Tilråding:

Teksten vert utvida med marin fisk og fisk som står i lås.

Vurdering av enkeltinnspel

INNSPEL FRÅ KOMMUNANE

Austevoll kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	<p>Vil sterkt rå frå at planen vert vedtatt.</p> <p>Grunnleggjande motstrid med gjeldande Kplan og godkjente reguleringsplanar innafor «arealsone landskapstype»</p>	<p>Viser til retningslinje 1.4 tredje ledd: Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innafor planområdet gjeld uavhengig av denne planen. Innafor arealsone landskapsområde seier retningslinje 3.12 at nye tiltak innafor arealsonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Eksisterande næringsområde kan nyttast vidare.</p>
	<p>Krev konsekvensutgreiing for samfunnsverknader, både for busetnad og næringsverksemd.</p>	<p>Konsekvensutgreiing for regionale planar med retningslinjer for utbygging skal være på eit overordna nivå. Det er utarbeidd KU i planen på eit overordna nivå.</p>
	<p>Ber om at planframlegget vert vurdert opp mot nasjonale og regionale planar og målsettingar for vekst og auka verdiskaping innan havbruksnæringa. Meiner at område vest for Stolmen er ueigna til føremålet.</p>	<p>Planframlegget legg til grunn overordna målsetjingar for vekst og utvikling i akvakulturnæringa.</p> <p>Viser her til siste St.meld 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt. Regional kystsoneplanlegging vert her trekt fram som viktig grep for vekstkraftige regionar: Regjeringa forventar at både fylkeskommunane og kommunane medverkar til at planlegging av kystsona blir sett i eit regionalt perspektiv, og at dei samarbeider med næringslivet og statlege styresmakter om å finne berekraftige løysingar for næringsutvikling. Dette inneber å sikre tilstrekkeleg areal til fiskeri- og havbruksnæringane samstundes som ein sikrar natur- og miljøomsyn, transportbehov, friluftsliv og andre samfunnsinteresser.</p> <p>Bærekraftprinsippet ligg som premiss i overordna målsetjingar og forslag til regional kystsoneplan. Med utgangspunkt i arealanalysen visar planen store område for akvakultur og kombinasjonsområde med akvakultur der næringa kan utvikle seg. Det er sett av betydeleg større område for akvakultur enn det som opphavleg ligg i vedtekne kommuneplanar i planområdet. Område vest for Stolmen kan bli aktuelt med nye produksjonsformer og teknologi. Styringsgruppa har gått inn for at området vert liggjande i planen som moglegheit for framtida.</p>
	<p>Har ikkje oppfylt krav til samarbeid og kommunen understrekar at vedtak av regional plan krev tilslutnad frå berørte kommunar.</p>	<p>Planarbeidet er gjennomført med representasjon frå kommunane i styringsgruppe og prosjektgruppe der Samarbeidsrådet har valt ut dei administrative og politiske representantane innan sitt medlemsområde. Temasamlingane har</p>

		<p>hatt brei invitasjon til alle kommunane, administrativt og politisk. Det vart også gjennomført møter med administrasjonen i alle kommunane i august/september 2016 med gjennomgang og innspel til revidert forslag. For Austevoll sin del var ordførar også til stades i møtet. I høyringsperioden har det vore dialogmøte mellom styringsgruppa og kommunane Austevoll og Tysnes med politisk og administrativt deltaking. Krav til samarbeid i PBL er difor oppfylt. Vedtak av regional plan er det fylkestinget som regional planmynde som gjer. Det er ikkje formalkrav i PBL om tilslutnad frå berørte kommunar.</p>
	Konflikt med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland.	<p>Dei regionale retningslinjene for strandsona i kystsoneplanen er på eit overordna nivå. Detaljering av føresegner i interkommunal plan kan skje innanfor rammene av overordna retningslinjer. Dette gjeld til dømes for plankrav i retningslinje 2.32. Det er såleis ikkje konflikt mellom dei to planframlegga, noko som også er avklara med Samarbeidsrådet i høyringsperioden.</p>
	Paradoks mellom detaljerte retningslinjer knytt til naust og båthamner medan det ikkje er omtala korleis havbruksnæringa skal sikrast infrastruktur, kaiar og areal på land.	<p>Utbygging av naust og båthamner er ein sentral problemstilling i Sunnhordland og det er trong for retningslinjer om dette. Infrastruktur på land for akvakulturnæringa har vorte meir aktuelt i løpet av planarbeidet. Kartlegging av nye næringsområde til sjø er tatt opp i handlingsprogrammet. Ved framtidig revisjon er infrastruktur på land aktuelt å sjå nærmare på. Planlegging av næringsområde til sjø er ei viktig kommunal oppgåve. Dette vert understreka i retningslinjene. Næring som krev sjøtilgang skal prioriterast i strandsona. Havbruksnæringa fell inn under denne kategorien. Dette er forankra i retningsline 2.21.</p>
	Vesentlege juridiske og faktiske sider ved planframlegget må avklarast før vidare handsaming. Dette gjeld mellom anna arealsone «landskapstype» med verknad som omsynssone og dermed verkemiddel som ligg til kommunal planlegging. Det gjeld også om fylkeskommunen har heimel etter gjeldande teiknereglar for regionale planar.	<p>Plankart og retningslinjer er i samsvar med Nasjonal produktspesifikasjon for regional plan heimla i Kart- og planforskriften. Dette er sjekka ut med KMD si planavdeling. Omsynssone vart brukt ved første høyring. Ved revisjon av planen er desse endra. Etter vår vurdering er desse spørsmåla avklart og det er ikkje trong for juridisk avklaring. I prosjektgruppemøte 31.05.2017 gjorde fylkesmannen det klart at dei meiner at planen held mål juridisk. Dei vil komme med skriftleg vurdering av dette.</p>
	Treng avklaring på kva verknad arealsone landskapsområde vil ha for aktivitet på land.	<p>Viser til retningslinje 3.12 som omhandlar dette. Arealsonene er ikkje i seg sjølv eit vern, men områda skal takast vare på gjennom omsyn i lokal planlegging og forvaltning. Det er ikkje eit mål å leggje lokk på lokal utvikling, men at det i områda må vere ei tilpassa utvikling tufta på berekraftprinsippet og med omsyn til dei registrerte verdiane. Avgjerande moment er omsyn før bruk, tilpassa bruk og utvikling, samt skjøtsel gjennom bruk. I konkrete saker må kommunane gjere ei vurdering av om tiltaka sin</p>

		karakter og omfang vil redusere verdiane og ut frå dette gjere vedtak i saka.
	Regional plan bør vere overordna og retningsgivande og ikkje med detaljerte retningslinjer og plankart.	Framlegget er i samsvar med vedtatt Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020. Under strategien <i>Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar</i> går det fram at: <i>Overordna planar for bruk og vern av areal- og naturressursar er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling. Forpliktande regional arealplanlegging med bruk av kart, retningslinjer og bestemmelsar gir forutsigbarheit og meir effektive planprosessar, og må styrkast.</i>

Bømlo kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Meiner at planframlegget er eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsoner. 2. Positivt at planen gjev rom for vekst og kapasitetsauke i oppdrettsnæringa. 3. Innspel om nye akvakulturområde må avklarast i samband med rullering av kommuneplanen. 	<p>Viser til retningslinje 1.4 <i>Det regionale plankartet og retningslinjene er retningsgjevande for vidare kommunal planlegging og konsekvensutgreiing. Rettsleg bindande arealbruk vert fastlagt i den kommunale arealplanlegginga etter plan- og bygningslova.</i></p>
	<ol style="list-style-type: none"> 4. <i>Høgde naust skal vere som i kommuneplanen, 5 meter målt frå ferdig golv</i> 	<p><i>Retningslinje 2.42 seier at : Nye naust bør oppførast som separate einingar med variasjon i breidde og mønehøgd. Naustbygg skal vere maks 40kvm, maks 1 etasje, maks mønehøgd 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Fylkesmannen vil sjekke ut lågaste terreng kontra ferdig golv i høve til høgde på naust. Avtalt i prosjektgruppemøte 31.05.2017.</i></p>
	<ol style="list-style-type: none"> 5. <i>Kommunen skal inkludera viktige kaste- og låssettingsplassar som er registrert i FIDir sin kartportal i sin rullering av kommuneplanen, der dei skal synast som arealformål fiskeri.</i> 	<p><i>Viser til retningslinje 2.10 Trålfelt og prioriterte kaste- og låssettingsplassar. skal sikrast i kommuneplan og avklarast mot andre interesser.</i></p>

Etne kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sluttar seg til framlegget. Retningslinjene gir gode innspel til kommunal arealforvaltning. 2. Positiv til målsettingar om berekraftig akvakultur. Omsyn til både lakseoppdrett og villaks. 3. a. Etnefjorden bør visast på plankartet som omsynssone med retningslinjer ut frå føringane i statleg føresegn. 	<p>Omsynssone kan ikkje nyttast på regionalt nivå. Alternativet vert regional arealsone eller evt bandlagt område. Av regionale arealsoner kan naturmangfald i sjø vere eit alternativ. Dette vert vurdert.</p>

	b. Omsyn til villaksstammar må takast i regional plan der ein enklare kan vurderer samla belastning frå oppdrettsnæringa. Vandringsvegane bør omtalast som område for lukka teknologi jmf §12 i naturmangfaldslova om miljøforsvarlege teknikker og driftsmetoder. Tilhøyrande retningsline må utformast for akvakultur.	PBL kan ikkje nyttast for å regulera driftsmetode, det er det særlovene som regulerar. Vandringsruter for villaks er søkt ivareteke i planframlegget gjennom avgrensingar i areal for akvakultur i desse områda. Det er likevel behov for å ha eit fokus på problemstillinga gjennom kommunal planlegging.
	Saknar oppsummering i høve til naturmangfaldslova og §§10 og 12, jmf §7.	Vert vurdert.
	4. Retningsline 2.32 om fritak for plankrav for inntil 3 nye naust ved fortetting bør takast inn igjen, jmf §6.11 i første planutkast. Tilsvarande unntak for plankrav må gjelde for mindre småbåthamner, jmf §2.37 for inntil 10 båtplassar.	Detaljering av plankrav vert overlatt til kommunalt nivå, jmf innspel i høve til interkommunal strandsonenplan og innspel frå fylkesmannen.
	5. Ny kai på Fjæra i Åkrafjorden kan markerast som regionalt viktig industrikai på temakart side 37. Likeeins nytt landbasert akvakanlegg i Fjæra.	Vert vurdert.

Fitjar kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Går imot forslag til arealsoner og overordna plankart, då det ikkje er heimel for dette i regelverket/av arealpolitiske årsakar.	Plankart og retningslinjer er i samsvar med Nasjonal produktspesifikasjon for regional plan heimla i Kart- og planforskriften. Dette er sjekka ut med KMD sin planavdeling. Bruk av plankart er også i samsvar med Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020.
	Kartet skal ikkje vere juridisk bindande og planen skal ikkje gje grunnlag for motsegn.	Plankartet illustrerer retningslinjene og er retningsgjevande for kommunal planlegging. Viser til retningslinje 1.4. Etter PBL gjev regionale planar med arealretta retningslinjer grunnlag for vurdering av motsegn.
	Fitjar kommune krev at eksisterande næringsområde innafor arealsone landskap kan nyttast vidare og dersom tilhøva ligg til rette for det, kan gjerast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.	Eksisterande næringsområde kan nyttast vidare etter retningslinje 3.12. Flytting eller utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området må vere i samsvar med avsette område for akvakultur i kommuneplanens arealdel. I arealsone landskap Fitjarøyane ligg det fleire akvakulturområde innafor grensene. Nye areal for akvakultur skal i hovudsak ikkje tillastast.
	Fitjar kommune krev at kommunen kan avsetje meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar, og til eksisterande teknologi/artar når dette er	Etter retningslinje 2.16 kan kommunen avsetje meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller nye artar. Område avsett til akvakultur i regionalplanen er retningsgjevande og skal vurderast og

	<p>føremålstenleg for utvikling av eksisterande næringar, og verksemder i kommunen.</p>	<p>detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging.</p> <p>Planen har retningsgjevande område for akvakultur og fleirbruksområde med akvakultur i plankartet som kommunane som hovudregel skal nytta. Dersom kommunane vil legge ut område for akvakultur utanfor denne strukturen, må det grunngjevast og utgreiast godt i samband med kommunal planlegging.</p>
	<p>Fortøyningar til akvakulturanlegg må kunne gå utanom avsette område til akvakultur så lenge dei tilfredsstillar nasjonale krav til slike fortøyningar.</p>	<p>Fortøyningar skal vere i samsvar med kommunal plan. I kommuneplanens arealdel kan dette løysast på fleire måtar jmf kapittel 4.5 Omsyn i arealplanlegging for akvakultur i planomtalen. I regional kystsoneplan er områda for akvakultur store nok til at fortøyningar i dei fleste tilhøve kan vere innafor.</p>
	<p>Fitjar kommune føreset at Interkommunal strandsoneplan sine reglar skal vere styrande for kystsoneplanen, og ikkje omvendt.</p>	<p>Regional planlegging er etter PBL overordna i høve til kommunal eller interkommunal plan. Slik er hierarkiet i plansystemet bygd opp. Dei regionale retningslinjene for strandsona er overordna og ikkje i konflikt med interkommunal strandsoneplan.</p> <p>Fitjar kommune har merknader til følgjande punkt: §§ 1.2, 1.3, 1.4, 2.16, 2.22, 2.27, 2.38, 2.40, 3.1.2, 3.3.2, 3.3.6, 3.5.1.</p>
	<p>§ 1 Verknad av planen: 1.1.2 punktum: <i>Etter § 8-2 skal planen leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og forvaltning i regionen.</i> Her bør det stå: Etter § 8-2 bør planen... (Understreka av sakshandsamar).</p>	<p>Det har vore eit mål at retningslinjene i planen skal vere klare og tydelege. Når det gjeld bruk av orda <i>skal/må</i> så er det nytta på ein medviten måte, mellom anna for å unngå mogleg språkleg mistyding. Tydelege retningslinjer vil skape føreseie og likehandsaming i planområdet. Andre regionale planar i Hordaland presenterer også regional politikk gjennom regionale retningslinjer med <i>skal/må</i>-formuleringar.</p> <p>Det er ikkje ønskjeleg å svekke signalet i denne retningslina gjennom overgang frå skal til bør.</p>
	<p>1.3 <i>Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger inneheld retningslinjer som ivaretek måla i planen. Dei regionale retningslinjene vil kunne vere utgangspunkt for vurdering av motsegn frå regionale mynde.</i> Siste setning strykast.</p>	<p>Etter plan- og bygningslova gir regionale planar med arealretta retningslinjer grunnlag for vurdering av motsegn. Dette er uavhengig om det står i retningslinjene.</p>
	<p>1.4 Prioritering i regionalt plankart. Det vert opplyst at dette ikkje skal vera juridisk bindande. Her stiller me spørsmål om det då kan nyttast som grunnlag for motsegn.</p>	<p>Plankartet illustrerer retningslinjene som igjen er grunnlag for vurdering av motsegn.</p>
	<p>§2. Generelle retningslinjer Akvakultur</p>	<p>Dei avsette arealsonene for akvakultur er framkome gjennom arealanalyse utifrå godkjente lokalitetar og avsette areal i</p>

<p>2.16 Område avsett til akvakultur i regionalplanen er retningsgivande og skal vurderast og detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar. I siste del av setninga må leggjast til: og til eksisterande teknologi/artar når dette er formålstenleg for utvikling av eksisterande næringar, og verksemdar i kommunen(positiv samfunnsverknad).</p>	<p>kommuneplanane. Planen viser arealavklarte område som må detaljerast vidare i kommunal arealplanlegging. Dersom kommunane vel å setje av areal utanfor denne viste strukturen, må det grunnjevast og utgreiast særskilt. Positiv samfunnsverknad bør ligge til grunn for avsetjing av areal i kommuneplanens arealdel. Det vert ikkje rådd til å ta med setninga i retningslinja.</p>
<p>2.22 Formuleringa kan mistydast, men forståinga bør vera klar. Det er tale om anten 100-meter sone, eller funksjonell strandsone (det som er minst) dersom denne er breiare eller smalare enn 100 meter.</p>	<p>Denne retningslina definerer strandsona som omgrep og som eit areal avgrensa av enten 100-metersbeltet <u>eller</u> funksjonell strandsone der det er gjennomført slik kartlegging. Funksjonell strandsone får først juridisk tyding når denne er nytta til å fastsetje ny byggegrense mot sjø.</p> <p>Fitjar kommune var ein av dei første kommunane i Hordaland som aktivt nytta kartlegging av funksjonell strandsone som del av kommuneplanlegginga. Dette er klart forankra i gjeldande kommuneplan for Fitjar, og er rekna for å vera eit godt døme.</p>
<p>2.27 Formuleringa kan mistydast, men intensjonen bør vera klar, den same forståinga som i 2.22.</p>	<p>Funksjonell strandsone er ei regional tilpassing til nasjonal strandsonepolitikk og tar utgangspunkt i dei lokale tilhøva i strandsona. Dersom ikkje funksjonell strandsone er kartlagt og implementert som ny byggegrense i plan, gjeld byggjeforbodet 100-metersbeltet fullt ut. Hovudprinsippet i planen er at nye byggeområde ikkje skal lokaliserast innfor det område som definerer strandsona. Det er ei viktig påpeiking og bør stå i retningslinjene uavhengig av retningslinje 2.27.</p>
<p>§ 2.38 Småbåtanlegg bør vurderast ved nye bustad- og fritidsbustadeigedomar ved sjø. Småbåtanlegg er mindre anlegg knytt til nærare fastsette eigedomar, og skal regulerast saman med dei aktuelle eigedomane.</p> <p>Tillegg: Det kan gjerast unntak frå plankravet for mindre småbåtanlegg som er avsett i KP, dersom det ikkje er strid med retningslinjene og verdiane i funksjonell strandsone er ivareteke.</p>	<p>Detaljering av plankrav vert overlatt til kommunalt/interkommunalt nivå. Etter dialog med fylkesmannen er dette leddet tatt ut av retningslinjene.</p>
<p>§ 2.40 Nye naust skal som hovudregel samlast i eigne naustmiljø der ein planlegg med tanke på fellesløysingar for kai, bryggjer, parkering, bodar, toalett/bad, parkeringsplassar og anna. I desse områda skal det vera krav om reguleringsplan.</p> <p>Tillegg: Det kan gjerast unntak frå plankravet for konkrete mindre</p>	<p>Detaljering av plankrav vert overlatt til kommunalt/interkommunalt nivå. Etter dialog med fylkesmannen er dette leddet tatt ut av retningslinjene.</p>

	naustområde som er avsett i KP, dersom det ikkje er i strid med retningslinene og verdiane i funksjonell strandsone er ivareteke.	
§ 3.1 Arealsoner Landskapsområde 3.1.2 <i>Nye tiltak innanfor arealsonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Nye anlegg for akvakultur og større, varige tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillatast. Eksisterande næringsområde innanfor arealsona kan nyttast vidare, og dersom tilhøva ligg til rette for det, kan det vurderast flytting/utvikling av eksisterande lokalitetar internt i området.</i>		Flytting eller utvikling av eksisterande lokalitetar må vere i samsvar med avsette område for akvakultur i kommuneplanens arealdel. Arealsoner landskapsområde i Fitjarøyane er avgrensa mot fleire akvakultur. Nye areal for akvakultur skal i hovudsak ikkje tillatast. Retningslinja bør ikkje utvidast som foreslått, men tilhøva i Fitjarøyane kan evt. presiserast gjennom ny retningslinje.
§ 3.2 Arealsoner med akvakultur. 3.3.2 Formuleringa kan vera i strid med kommuneplankarta i mange kommunar, og hindra utvikling i andre. Sjå første del under vurdering. 3.3.6 <i>For å sikre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegg, skal som hovudregel oppdrettsanlegget på sjøoverflata ligge minimum 100 meter frå kystlinja. Fortøyingar kan plasserast nærare land, men skal ikkje hindre ferdsel eller fiske.</i>		Kan ikkje sjå at retningslinja vil hindre utvikling eller vere i strid med kommuneplankarta. Kystsonen skal leggast til grunn ved rullering av dei kommunale planane.
Generelt spørsmål: 5.5.1. Kva retningslinjer gjeld for «Sjø og vassdrag generelt (Utvida omr. med AK)»? Dette treng ei presisering. Her er forskjell mellom kommunar.		Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene er likestilte. Akvakultur er inkludert, men må vurderast opp mot andre interesser (fiske, ferdsel, natur og friluftsliv).

Fusa kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Fusa kommune ser store fordelar med at det er utarbeidd ein regional plan for kystsona. Planen vil kunne nyttast som kunnskapsgrunnlag inn i lokale planarbeid og gjev mykje god og oppdatert informasjon om dei ulike vern- og bruksinteressane. Retningslinjene gjev oss mykje godt grunnlag til lokal tilpassing og planlegging for sjø og strandområda.	
	1. Punkt 1.3 i retningslinjene om motsegningsrett må takast ut av planen.	Etter PBL gjev regionale planar med arealretta retningslinjer grunnlag for vurdering av motsegn uavhengig av kva som står i retningslinjene til denne planen.
	2. Punkt 2.16 må endras slik: Kommunen har mulighet til å tildela sjøareal til havbruksføremål når dei finn det tenleg utan at det føreligg teknologiske nyvinningar eller at området skal	Planen har retningsgjevande område for akvakultur og fleirbruksområde med akvakultur i plankartet som kommunane som hovudregel skal nytta. Dersom kommunane vil legge ut område for

	øyremerkjast til nye artar.	akvakultur utanfor denne strukturen, må det grunnjevast og utgreiast godt i samband med kommunal planlegging.
3.	Punkt 3.5 må endrast slik: Fortøyningar kan leggst i areal som er karakterisert som sjø- og vassdrag generelt og slik at framtidig utviding av AK område gjennom kommuneplanvedtak kan gjerast i desse områda.	Fortøyningar skal vere i samsvar med kommunal plan. I kommuneplanens arealdel kan dette løysast på fleire måtar jmf kapittel 4.5 Omsyn i arealplanlegging for akvakultur i planomtalen. I regional kystsoneplan er områda for akvakultur i dei fleste tilhøve store nok til at fortøyningar kan vere innafor.

Kvam kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Kvam herad er positive til arbeidet med planen, som legg til grunn ei balansert og berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.	<p>Planforslaget er i hovudsak i samsvar med punkta frå Kvam herad som også vart fremja ved første høyring. Dette vart avklart i arbeidsgruppemøte 31.05.17. Sjå elles høyringsrapport frå 2015.</p> <ol style="list-style-type: none"> Området Ålvik (1) vert vist som fleirbruksområde inkl akvakultur. frå Seianeset til Kjepso, område ved Floten vert spesifisert som område for akvakultur for botnkulturar. Område 2 frå mellom Fykkesund og Norheimsund vert vist som regionalt viktig for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Området sør for Kvamsøy går ut Område for akvakultur ved Stekka/Saltkjelen vert endra i samsvar med kart. Område for akva ved Apalvika/Lingaholmane vert endra i samsvar med kart. Fleirbruksområde inkl botnkultur innafor holmane må vurderast som del av kystsoneplan. Fleirbruksområde i Mundheimsbukta jmf kart vert endra i høve til landskap og ønskje om redusert oppdrettsverksemd i Mundheimsbukta. Fleirbruksområde frå Årsnes til kommunegrensa. Ved Gravdal bør akva gå ut pga nære kvalitetar og verdjar i strandsona. Støttar område for marint vern/korallar ved Horjona. Heile område (8) ved Tveitnes i ytre Ålvik bør vere fleirbruksområde inkl akvakultur., Område for akvakultur, jmf ventemær ved skalteri på Bakka, må vere av eit omfang som tilfredsstillar areal som er under regulering i sjø. Ta med setjefiskanlegg på land i plankartet. Støtte til registrering av sjøbruksmiljø i Kvam(handlingsprogram). Ta med «ytre Hardanger» feks side 40

		<p>14. Fortøyningssoner i tillegg for alle område med stor djupne.</p> <p>15. Tømmerkaien, Nes ved Mundheim, kai ved Fosse, Tørvikbygd og Steinstø, bør tas med sim industrikai, regionalt viktige.</p>
--	--	---

Kvinnherad kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	<p>Kvinnherad formannskap vil sterkt rå i frå at planen vert vedteke slik den ligg føre.</p> <p>Kommunane i planområdet må stå fritt til å gjere framtidige planvedtak som går på tvers av planframlegget. Det kan ha status som kunnskapsgrunnlag, men ikkje som heimelsgrunnlag for motsegn til kommunale planar.</p>	<p>Planframlegget er ein regional plan etter kap.8 i pbl i samsvar med vedtatt regional planstrategi. Det er ikkje aktuelt å vedta planen som kunnskapsgrunnlag. Etter PBL gjev regionale planar med arealretta retningslinjer grunnlag for vurdering av motsegn.</p>
	<p>Interkommunalt og regionalt planarbeid må koordinerast, slik at det ikkje vert vedteke planar som står i motstrid.</p>	<p>Dei regionale retningslinjene for strandsona i kystsonen er på eit overordna nivå. Detaljering av føresegnar i interkommunal plan kan skje innanfor rammene av overordna retningslinjer. Dette gjeld til dømes for plankrav i retningslinje 2.32. Det er såleis ikkje konflikt mellom dei to planframlegga, noko som også er avklara med Samarbeidsrådet i høyringsperioden.</p>
	<p>Dersom HFK vedtek planen i sin noverande form, vil Kvinnherad kommune vurderer å klage inn vedtaket etter PBL§8-4. Klagen vil dels vere knytt til retningslinjene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teikneregler og dels at HFK ikkje har tatt turvande omsyn til gjeldande kommuneplanar.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Plankart og retningslinjer er i samsvar med Nasjonal produktspesifikasjon for regional plan heimla i Kart- og planforskriften. Dette er sjekka ut med KMD si planavdeling. I prosjektgruppemøte 31.05.2017 gjorde fylkesmannen det klart at dei meiner at planen held mål juridisk. Dei vil komme med skriftleg vurdering av dette.</p> <p>Viser elles til retningslinje 1.4 tredje ledd: Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innafor planområdet gjeld uavhengig av denne planen.</p>

Stord kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	<p>Sluttar seg til forslaget. Kommunen vonar planen vil føre til berekraftig forvaltning av sjøarealet og strandsona i planområdet.</p>	
	<p>Farlei til Eldøyane og Skjersholamne – Jektevik og Jektevik – Hodnanes må visast i plankartet.</p>	<p>Formidla til Kystverket som eigar av temadata for farleier. Ønskjer å synleggjere desse sambanda i planen.</p>

	Temakartet fiskeriinteresser må berre visa sjøarealet rundt Horgo som fiskeområde, ikkje heile øya.	Tatt til etterretning.
	Ynskje om at det i framtidige regional kystsoneplanlegging vert teke med målingar om vasskvalitet og utvikling av fangst av ulike artar av fisk(t.d. brisling og kystorsk). Sett saman med utvikling av sjøfuglbestand vil dette kunne gi oss opplysningar om artsmangfald og – rikdom som kan vere nyttig for vurdering av framtidige tiltak for å halde på artsmangfaldet og artsrikdomen vi har. Det kan også vere grunnlag for å vurdere plastureining og framtidig havstigning som moment som må med i framtidig regional kystsoneplanlegging.	Tatt til etterretning.

Sveio kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Ber om at HFK lar være å vedta ein felles kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Subsidiært utsetja vedtak til ny soneinndeling og Trafikklyssystem er på plass og deretter vurderer planen på ny.	Det er uheldig å utsetje planvedtak til ny sonestruktur, sjukdomsreglar og marin verneplan er vedtatt og erfart. Planmaterialet vil då vere utdatert. Planen bør vedtakast og heller endrast om erfaring syner at den er lite tenleg ved dei nye forvaltingsreglane.
	Meiner planen ikkje har svart på viktige problemstillingar og måla i planprogrammet.	Planprogrammet peiker også på korleis måla skal nås gjennom gjennom planlegginga. Dette er følgt opp i planforslaget.
	Meiner planen vert vedteke som kunnskapsgrunnlag.	Planframlegget er ein regional plan etter kap.8 i pbl i samsvar med vedtatt regional planstrategi. Det er ikkje aktuelt å vedta planen som kunnskapsgrunnlag.

Tysnes kommune

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Ber om at HFK skrinlegg forsøket på å etablera ein felles kystsoneplan for Shl og ytre H.	I strid med vedtatt planprogram.
	Positiv til at det er gjort einskilde grep for å rydde i plandokumenta og at planen no er betre tilpassa kommuneplanen.	
	Meiner at planen ikkje har svart på måla i planprogrammet.	Planprogrammet peiker også på korleis måla skal nås gjennom planlegginga. Dette er følgt opp i planforslaget.
	Meiner planen vert vedteke som kunnskapsgrunnlag og ikkje som plan	Planframlegget er ein regional plan etter kap.8 i pbl i samsvar med vedtatt regional planstrategi.

		<p>Det er ikkje aktuelt å vedta planen som kunnskapsgrunnlag.</p>
	<p>Dersom HFK vedtek planen i sin noverande form, vil Tysnes kommune vurdera å klage inn vedtaket inn etter PBL§8-4. Klagen vil dels vere knytt til retningslinjene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels at HFK ikkje har tatt turvande omsyn til gjeldande kommuneplanar.</p>	<p>Tatt til orientering. Planframlegget er ein regional plan etter kap.8 i pbl i samsvar med vedtatt regional planstrategi. Det er ikkje aktuelt å vedta planen som kunnskapsgrunnlag. Plankart og retningslinjer er i samsvar med Nasjonal produktspesifikasjon for regional plan heimla i Kart- og planforskriften. Dette er sjekka ut med KMD si planavdeling. I prosjektgruppe-møte 31.05.2017 gjorde fylkesmannen det klart at dei meiner at planen held mål juridisk. Dei vil komme med skriftleg vurdering av dette. Viser elles til retningslinje 1.4 tredje ledd: Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innafor planområdet gjeld uavhengig av denne planen.</p>
	<p>Plankartet er med få unntak ein kopi av kommuneplanen sitt plankart frå 2003. Plankartet verkar såleis konserverande og ber preg av at det er ei kartlegging av bakoverskuande karakter og ikkje ein plan med framtidsretta karakter. Dette peikar mot at det ikkje bør nyttast plankart.</p>	<p>I kystzoneplanen er det vist ein framtidig struktur for akvakultur gjennom Arealsoner akvakultur og Arealsoner sjø og vassdrag inklusiv akvakultur. Den framtidige strukturen er framkome gjennom arealanalyse med utgangspunkt i gjeldande lokalitetar for akvakultur og avsett areal til akvakultur i kommuneplanane. Eit hovudfokus på eksisterande lokalitetsstruktur vart også signalisert som viktig frå næringa si side i planprosessen. Dette er også trekt fram frå næringa ved avgrensa høyring.</p> <p>Arealdelen til Tysnes kommune inneheld store fleirbruksområde (akvakultur-, ferdsl-, fiske-, natur- og friluftsområde) der dei ulike bruksområda er likestilte. I praksis er desse områda ikkje planavklarte. Det er også ein del område for akvakultur. I Tysnes er det stort samanfall mellom Arealsoner sjø og vassdrag inklusiv akvakultur og fleirbruksområda. Dette er naturleg og avspeglar dei lokale forholda.</p> <p>Kystzoneplanen viser arealsoner for akvakultur som ikkje går fram av arealdelen til Tysnes. Desse avsette sonene har utgangspunkt i gjeldande lokalitetar for akvakultur. Arealsoner for akvakultur er større enn dei lokalitetsavklarte områda fordi det er lagt opp til at fortøyingar i utgangspunktet kan vere innafor arealet.</p> <p>I Tysnes viser kystzoneplanen også Arealsoner naturmangfald i sjø som gytefelt, ålegrassamfunn og korallar samt ankringsområde vist som Arealsoner kystzone. Dei regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne vist som Arealsoner landskapsområde skil seg også ut i høve til vedtatt arealdel for Tysnes.</p>

		<p>Kystsoneplanen viser forhold som skal ivaretakast i framtida. Dei viste områda i plankartet viser ikkje alle kartlagde tilhøve, men prioriterte område.</p> <p>For å ivareta framtidig struktur for akvakultur og regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er det behov for plankart for å synleggjere desse geografiske områda. Dette er i samsvar med vedtatt Regional planstrategi for Hordaland og nyleg vedtatt stortingsmelding om <i>Nye folkevalgte regioner</i> (Meld. St. 22(2015-2016)).</p>
	<p>I plankartet er ein del eksisterande lokalitetar utvida for å få plass til anlegg som faktisk ligg der i dag, tilsvarande grep bør gjerast langs dei andre lokalitetane som er teikna inn i Langenuen.</p>	<p>Den gjennomførte arealanalysen er grunnlag for avgrensing av arealsonene for akvakultur. I Langenuen er det hovudsakleg hovudleia som avgrensar utviding av område for akvakultur. Viser her til fråsegn frå Kystverket som seier at: <i>«det er særst uheldig å utvide eksisterande areal til akvakultur så tett opp mot farleiene at det vil kome i konflikt med maritim næring og skipsfart»</i>. Kystverket peiker også særleg på Langenuen i sin tilleggskommentar: <i>«Området er smalt og med mange eksisterande akvakulturanlegg. Me har motteke søknader om utviding av anlegg ved fleire høve. Kystverket er bekymra for denne utvikinga og ynskjer ei oppbremsing av utviding av akvakulturområde i Langenuen. Dette gjeld særleg område mellom Tysnes og Fitjar. Det er særleg den potensielle konflikta mellom fortøying av anlegga og slep av støre offshoreinstallasjonar våre losar er bekymra for»</i>.</p> <p>Dei avsette områda for akvakultur i Langenuen kan ikkje utvidast ut i leia, dei må avgrensast i samråd med Kystverket.</p>
	<p>Dersom det er meining at område avsett til akvakultur også skal vera tilstrekkeleg til å ivareta fortøying av anlegga må ein del område utvidast, alternativt må det presiserast i retningslinene at forankring av anlegg kan liggja utanfor det avsette arealføremålet</p>	<p>Det var eit utgangspunkt i planarbeidet at Arealsonene for akvakultur var avsett så store at fortøyingar kan etablerast innafor. Dette vart gjort ved innhenting av målte data for fortøyingar og gjennom standard-formel for utrekning av fortøyingsareal. Djupnetilhøva varierar og vi ser at i djupe område trengs svært lange fortøyingar. Standardformelen fangar ikkje opp dette.</p> <p>Viser elles til retningslinje 3.3.2 <i>Akvakulturområde på kommuneplannivå skal i hovudsak avsetjast som einbruksområde for akvakultur. Områda skal i vere romslege nok til å sikre god fleksibilitet. Det må sikrast mogleik for fortøying av anlegg i tilgrensande område.</i></p> <p>Planlegging for sikring av fortøyingar kan gjerast på ulike måtar i kommunal planlegging. Kystsoneplanen trekk ikkje opp ein særskilt måte dette skal gjerast på.</p>

	<p>Innteikna landskapsområde må avgrensast til sjøområde og ikkje trekkast opp over større landområder i Bårdsund og rundt Godøysund</p>	<p>Kystsoneplanen gjeld for både sjøareal og strandsone. I planarbeidet er dei fire tema landskap, natur, friluftsliv og kulturminne sett i samanheng for å setje av større samanhengande område av regional verdi. Temaopplysningane er knytt til både sjøområda og strandsona og desse er sett i samanheng for å finne koplingar og knutepunkt mellom sjø og strandsone. Skildring av område 6.Bårdsundet og 7.Godøya går fram av planrapporten under pkt 3.7. Arbeidsmåten med regionalt viktige område for sjø og strandsone er i samsvar med vedtatt planprogram.</p>
	<p>Plankartet bør ut frå målsetjinga som har lagt til grunn for arbeidet også kartfesta sjønære næringsområder for å ivareta sjøbunden næring sine behov for tilstøytande landareal.</p>	<p>Kartlegging av nye næringsområde til sjø er tatt opp i handlingsprogrammet. Ved framtidig revisjon er infrastruktur på land aktuelt å sjå nærmare på. Planlegging av næringsområde til sjø er ei viktig kommunal oppgåve. Dette vert understreka i retningslinene. Næring som krev sjøtilgang skal prioriterast i strandsona. Havbruksnæringa fell inn under denne kategorien. Dette er forankra i retningsline 2.21.</p> <p>Næringsområde til sjø var ei av kartleggingsoppgåvene som skulle gjerast i samband med Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Fylkeskommunen har bidrege med økonomisk stønad til denne oppgåva som også skulle nyttast i den regionale kystsoneplanen. Opphavleg intensjon var ei kartlegging av både eksisterande og potensielle næringsområde. I det interkommunale arbeidet vart berre eksisterande næringsområde kartlagt. Kartlegginga er vist som temakart (figur 13) i planen. Oppgåva med kartlegging av potensielle nye næringsområde til sjø er difor overført til handlingsprogrammet i kystsoneplanen.</p>
	<p>I den grad planen skal ha ein kartdel må også nye område vurderast ikkje minst opp mot tilhøve som vassgjennomstrøyming, djupna og innverknad på sjukdomsførebygging i havbruksnæringa. Me vil i den samanheng vise til tidlegare søknad frå Lerøy om etablering av anlegg nord for Reksteren. Tysnes kommune ville ikkje vurderer dette som dispensasjon, men opna opp for å gjera ny vurdering ved neste rullering av kommuneplanen og den kommunale kystsona.</p>	<p>I akvakulturanalysen er tilhøve som straum, djupne og sjukdomsførebygging gjennomgått. Ut i frå analysen var det ikkje grunnlag for å gjøre vesentlege endringar i dagens lokalitetsstruktur. Analysen peikte på overgang til færre og større lokalitetar, noko som utviklinga i næringa også går i retning av. Det er eit ønskje om at ein aukar produksjonen på gode lokalitetar og legg ned dårlege. Dette vil kunne gje positiv effekt på lusetilhøve og betre kontroll på sjukdom og smitte.</p>
	<p>Retningsline 1.5: <i>Endringar i areal- og ressurspolitikken bør skje ved å ta opp planane til revisjon, ikkje</i></p>	<p>Det er behov for at viktige punkt for kommunal arealplanlegging og forvaltning vert framheva i retningslinjene sjølv om det er forankra i lov og</p>

<p><i>ved dispensasjonar. Dersom det skulle vore trong for dispensasjonar frå kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningslova kap.19, skal kommunane legge vekt på å følgje opp måla og retningslinene i regional plan.</i></p> <p>Denne retningslina kan gå ut då det føl hovudregelen i areal og ressurspolitikken at endringar primært skal skje gjennom plan og ikkje gjennom dispensasjon. I dei tilfella lova sine krav om bruk av dispensasjon ligg føre skal dispensasjon kunne nyttast.</p>	<p>regelverk. Denne retningslinja er med på å framheve heilskapleg planlegging som viktig for kommunal arealforvaltning. Retningslinja er framheva av Fylkesmannen og tatt inn i retningslinjene etter prosess. Dispensasjon kan nyttast der lova sine krav om bruk av dispensasjon ligg føre.</p>
<p>Retningsline 2.11: <i>Prioriterte artar og utvalde naturtypar skal ivaretakast særskilt. Kystlynghei, dvergålegras og ålegrasenger er naturtypar som er karakteristisk for planområdet.</i></p> <p>Det er ikkje behov for denne retningslina då dette i dag vert styrt gjennom naturmangfaldlova og plan- og bygningslova sine føresegner om konsekvensutgreiing.</p> <p>Kva naturtypar som krev særskilt vern er i stadig endring då omfanget av kartlegging synes å vera mangelfullt. Tysnes kommune ber om at retningslina fell vekk, eller i det minste at retningslina vert avslutta etter første punktum. Det er litt uklart om det er slik at fylkeskommunen meiner at karakteristiske naturtypar i samsvar med opprømsinga skal ha eit særskilt vern gjennom planen.</p>	<p>Ivaretaking av naturgrunnlaget i planlegging er ein del av føremålet i plan- og bygningslova om planlegging for berekraftig utvikling. Føresegnene om konsekvensutgreiing har krav om synleggjering av konsekvensar for miljø og samfunn av tiltak og planar, dei ivaretar ikkje omsynet særskilt. Prinsippa og forvaltingsmåla i naturmangfaldlova skal integrerast i vurderingar i sektorlovverk og plan- og bygningslova. Det er behov for å trekkje fram omsynet for prioriterte artar og utvalde naturtypar. I planområdet er naturtypene kystlynghei, dvergålegras og ålegrasenger karakteristiske. Hordaland fylkeskommune meiner at dei nemnde naturtypene skal ivaretakast særskilt i kommunal planlegging og forvaltning.</p>
<p>Retningsline 2.13 <i>Føre-var prinsippet skal leggast til grunn for nye tiltak innanfor område som er føreslege som marint verneområde. Ved vidare utvikling av eksisterande verksemd skal det visast varsemd i høve til verdiane i området.</i></p> <p>Denne retningslina bør gå ut då det ikkje er vedteke noko marint verneområde p.t. Dersom det seinare vert etablert eit slikt verneområde må me gå ut frå at retningslinene for verneområde er tilstrekkeleg til å ivareta turvande vern!</p>	<p>Marint vern har vore på høyring og er no i prosess. For å hindre negativ påverknad på naturverdiane i påvente av mogleg marint vern er det foreslått eit «føre-var-prinsipp» i retningslinje 2.13.</p>
<p>Retningsline 2.16 <i>Område avsett til akvakultur i regionalplanen er retningsgivande og skal vurderas og detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar. Nye område for akvakultur som vert lagt inn i</i></p>	<p>Plankartet er retningsgjevande og skal leggast til grunn for kommunal planlegging. Dei avsette områda skal likevel vurderast og detaljerast i dei kommunale planprosessane. Plankartet har ikkje juridisk verknad. Det illustrerer retningslinjene.</p>

<p><i>kommuneplanane skal konsekvensutgreiast.</i></p> <p>Det synes uklart kva som vert meint med denne retningslina, dersom det vert meint at kommunen i si planlegging skal vurdere på nye og eksisterande område gjennom ei meir detaljert kommuneplanlegging så er det fornuftig. I så tilfelle betyr det at det kartet som ligg til grunn i den regionale planen kan skrinleggjast då det uansett ikkje har noko styring og at det stort sett berre er ein kopi av gjeldande kommuneplanar.</p>	
<p>Dersom fylkeskommunen her meiner at det skal utarbeidast detaljreguleringsplanar i sjø så er det i så tilfelle ein heilt ny tilnærming som heller ikkje er i samsvar med overordna nasjonale føringar. Det er viktig at innhaldet i denne retningslina vert nærare avklara.</p>	<p>Det er ikkje føringar på at det skal utarbeidast detaljreguleringsplanar i sjø i kystsoneplanen.</p>
<p>Andre punktum i retningslina framstår også som uklart og me gjer framlegg om slik omformulering: «Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur der det vert vurdert som hensiktsmessig ut frå næringsa sine behov vurdert opp mot andre interesser i det aktuelle området.» Ei slik formulering tar høgde for at det kan vera andre tilhøve enn teknologiske nyvinningar eller nye artar som gjev grunnlag for vurdering av nye områder. Det kan til dømes tenkjast at nye vurderingar knytt til sjukdomsførebygging hjå fisk kan gje grunnlag for å avsetja nye områder. Den føringa fylkeskommunen i dag legg opp til vil i realiteten avgrensa kommunen si plikt til å gjera ei heilskapleg konsekvensvurdering.</p>	<p>Dei avsette arealsonene for akvakultur er framkome gjennom arealanalyse utifrå godkjente lokalitetar og avsette areal i kommuneplanane. Planen viser arealavklarte område som må detaljerast vidare i kommunal arealplanlegging. Dersom kommunane vel å setje av areal utanfor denne viste strukturen, må det grunnjevast og utgreiast særskilt. Strukturen med større område for akvakultur gjev meir fleksibilitet for å tilpasse lokalitetar i høve til sjukdomsførebygging.</p>
<p>Retningsliner – Strandsone I utgangspunktet meiner me at retningsliner for strandsona ikkje er relevant for denne planen utover å visa samanheng mellom aktivitet i kystsona og behov for tilstøytande anlegg på land.</p>	<p>Strandsona er eitt av fire plantema i planen. Dette er avklart i vedtatt planprogram</p>
<p>Retningsline 2.24 <i>Kommunane skal særleg prioritera medverknad frå lokale friluftsansjonar, båtlag, grendelag og velforeningar og fylkesmannen som statleg sektororgan.</i></p> <p>Retningslina kan ikkje setje til side, eller avgrensa lovkrava som følgjer av medverknadsprosessar i planlegginga.</p>	<p>Retningslinjene set ikkje til side lovkrava om medverknad i plan- og bygningslova. Medverknad er ein viktig del av planlegginga og retningslinjene peiker på organisasjonar og regionale statetatar som er særleg relevant i høve til dei aktuelle plantema.</p>

<p>Retningsline 2.25: Kommunane skal vurdere om tiltak som tidlegare er godkjent i kommuneplan eller reguleringsplan, er i samsvar med nasjonale og regionale føringar for strandsona.</p> <p>Denne retningslina har ingen relevans til planen sitt føremål og heller ingen anna relevans og bør såleis strykast.</p>	<p>I føremålet med planen er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona sentralt. Retningslinja er i samsvar med statlege planretningslinjer for strandsona som legg viktige føringar for kystsonen. Etter behandling i Stortinget i vår er det avklart at byggjeforbodet i strandsona også gjeld for vedtekne reguleringsplanar der byggegrense ikkje er fastsett i plan.</p>
<p>Retningsline 2.27: <i>Nye byggeområde skal som hovudregel ikkje lokaliserast i 100-metersbeltet eller i område kartlagt som funksjonell strandsona.</i></p> <p>Her må det avklarast kva som vert meint, er meininga her at det er funksjonell strandsona som skal følgjast i størst mogleg grad uavhengig av 100 meters belte. I så tilfelle må det avklarast litt tydelegare i samband med planen. I ljøs av retningsline 2.28 kan retningsline 2.27 verta teke ut av planen.</p>	<p>Funksjonell strandsona er ei regional tilpassing til nasjonal strandsonopolitikk og tar utgangspunkt i dei lokale tilhøva i strandsona. Dersom ikkje funksjonell strandsona er kartlagt og implementert som ny byggegrense i plan, gjeld byggjeforbodet 100-metersbeltet fullt ut. Hovudprinsippet i planen er at nye byggeområde ikkje skal lokaliserast innafør det området som definerer strandsona. Det er ei viktig påpeiking og bør stå i retningslinjene uavhengig av retningslinje 2.28.</p>
<p>Retningsline 2.29 til 2.35 - Generelt for nye tiltak i strandsona Desse retningslinjene bør gå ut då dei bør ivareta gjennom kommuneplan og den interkommunale planen for strandsona som er under arbeid. I den grad planen skal ha retningsliner for deler av dette bør dei vera avgrensa til dei tilfella der det er naudsynt for å oppretthalda samband mellom aktivitet i kystsona og strandsona.</p>	<p>Retningslinjene i kystsonen rettar seg mot kommuneplanarbeid der planen skal implementerast. Det er avklart med Samarbeidsrådet at kystsonen gir overordna føringar som ikkje er i strid med interkommunal strandsonen.</p>
<p>Retningsline 2.39 til 2.42 - Naust Det er heilt uforståeleg at det vert nytta så mykje plass til retningsliner for naust med referanse til planen sitt føremål og planområde. Det vert bede om at desse retningslinjene vert teke ut av planen. Retningsliner for naust må ivareta gjennom interkommunal strandsonen og kommunane si eigen planlegging.</p>	<p>Bygging av naust har vore ei utfordring i Sunnhordland over fleire tiår. Retningslinjene om naust og båthamner er ein viktig del av planen. Sjå også punktet over.</p>
<p>Retningsline 3.3.2 <i>Akvakulturområde på kommuneplannivå skal i hovudsak avsetjast som einbruksområde for akvakultur. Områda skal vera romslege nok til å sikre god fleksibilitet. Det må sikrast mogleik for fortøyning av anlegg i tilgrensande område.</i></p> <p>I retningslina vert det lagt opp til at akvakulturområde på kommuneplan nivå i hovudsak skal avsetjast som einbruksområde akvakultur. Tysnes kommune er fullstendig usamd i denne føringa. Me har gode røymsle med avsetjing</p>	<p>Akvakultur er ikkje foreineleg med andre arealbruksinteresser. For å motverke arealkonfliktar og for å sikre areal til akvakultur er det i retningslinje 3.3.2 lagt opp til at akvakultur i hovudsak skal avsetjast som einbruksområde. Avsetjing av fleirbruksområde inklusivt akvakultur er i praksis ikkje-planlegging der alle interessene i området er likeverdige og må avklarast gjennom einskildsakshandsaming.</p>

	av akvakulturføremål i fleirbruksområde, me vil også visa til at dette kan vurderast analog opp mot områder for landbruk der fleirbruksområde er nytta gjennomgåande. Å krevja einbruksområde vil kunna skapa uturvande arealkonfliktar og lite fleksibilitet.	
	Når det gjeld spørsmål om fortøying som også vert vurdert i denne retningslina ber me om at det vert trekt ut i ei eiga retningsline og vist til at fortøyingane kan gå utover føremåls grensa og elles vera i tråd med nasjonale retningsliner.	I utgangspunktet er Arealsonene for akvakultur så store at fortøyingar kan skje innafor. Dette er gjort ved innhenting av målte data for fortøyingar og gjennom standard-formel for utrekning av fortøyingsareal. Viser elles til siste ledd av retningslinje 3.3.2 <i>Områda skal i vere romslege nok til å sikre god fleksibilitet. Det må sikrast mogleik for fortøying av anlegg i tilgrensande område.</i> Dersom dette tilhøvet er uklårt i planen, kan retningslinjene presisera dette meir tydeleg.
	Retningsline 3.3.3 <i>Arealbruk i sjøområda må sjåast i samanheng med arealbruk på land. Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje nær badeplassar, eller tett opp til bustad- eller fritidsbustadområde. Det skal takast omsyn til lokalt friluftsliv.</i> Tysnes kommune er som me har nemnt fleire gonger positive til at det i større grad vert vist sambruk mellom kyst- og strandsona. Retningslina bør derimot i større mon leggja til rette for at havbruksnæringa også få tilstøytane næringsområder i strandsona for å redusera seglingstida. Basefunksjonar på land synes å vera ei fråverande tema i denne planen, men det må som eit minimum inn i retningslinene.	På side 28 i planrapporten er arealbruk/behov på land i høve til akvakultur omtalt. Viser elles til vurdering om næringsareal ved sjø under <u>Plankart</u> .

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	<p>Ikkje alle kommunar ser seg tent med planen. Bør gje grunnlag for grundig sluttvurdering av om planen har oppfylt føremåla som opphavleg låg til grunn.</p> <p>Arealplankartet og kor sterkt bindande dette er, har gjort kommunane urolege.</p> <p>Det bør gjerast ei nærmare vurdering av samfunnseffektar innafor arealsone landskap, særleg i høve kommunanes landareal.</p>	<p>Til orientering.</p> <p>Vedtatte kommunale planar innafor områda skal framleis gjelde.</p>

	<p>Bør gjerast ei vurdering på vidare presisering av arealsone landskap inn i dei ulike undergruppene som følg teiknereglane for regionale planar, ved å presisera dette gjer det betre rom for vurdering av avbøtande tiltak med vidare.</p>	
Akvakultur	<p>Det er uheldig å utarbeida ein kystsonesoneplan som ikkje er basert på erfaringar frå den nye sone inndelinga, også Avstandskrava frå Mattilsynet kan føre til endringar ein no ikkje ser.</p> <p>Planen tek ikkje omsyn til at det er kommunar som enno ikkje har avsett nye areal, men kan ha potensiale for dette. Ei fastlåsing av areal på dette nivået gjer at desse kommunane ikkje får utnytta sitt areal for akvakultur. Dersom ein eks lokalitet vert liggjande, må ikkje dette vere til hinder for at lokaliteten kan utviklast eller flyttast innafør arealsona.</p>	<p>Planen kan gje verdifull hjelp til arealplanlegging for kommunane ved ny soneinndeling og avstandskrav. Planen kan reviderast dersom den ikkje førar til at måla i planen vert følgt opp.</p> <p>Eksisterande område er søkt samla til større område med meir fleksibilitet. Ved ny teknologi og nye artar kan kommunane gjere lokale endringar.</p>
Strandsona	<p>Viser til vedtak i KURE 1.10.2015. Etter høyringa er det blitt meir samsvar mellom planane, men det er likevel stort sprik.</p>	<p>Det er ikkje stort sprik mellom planane. Dette er avklart i møte med arbeidsgruppa i Interkommunal strandsoneplan og repr frå Samarbeidsrådet i styringsgruppa.</p>
	<p>Kystsonesoneplanen bør ikkje verte godkjent før følgjande avklaringar er gjort:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konsekvenser av ny sonestruktur og marin verneplan mm 	<p>Planområdet for Sunnhordland og ytre Hardanger ligg innafør eitt produksjonsområde 3: <i>Karmøy til Sotra</i> som er inndelt i produksjonsområdeforskriften (2017). Forskriften regulerar mogleg vidare vekst i oppdrettsnæringa. Kystsonesoneplanen viser struktur for næringa som er avklart i høve til anna arealbruk. Den er relevant uavhengig av vidare vekst.</p> <p>Nye reglar om avstand i høve til sjukdom må avklarast for nye lokalitetar. Dette kan påverke område for akvakultur i kommuneplanane. Den regionale kystsonesoneplanen legg opp til store område for akvakultur som skal detaljerast i vidare kommunalt planarbeid. Kystsonesoneplanen med sine arealavklaringar legg eit godt grunnlag for dette.</p> <p>Forslag om marint vern i Sunnhordland gjeld i område Ytre Hardangefjord og omfattar mellom anna tre godkjente akvakulturlokalitetar. Det planlagde vernet er hovudsakleg vern mot irreversible tiltak. Eksisterande akvakultur vil ikkje få restriksjonar. Ved endringar eller utviding av akvakulturanlegg kan det etter søknad gjevast dispensasjon dersom ikkje aktiviteten er i strid med verneføremålet. I retningslinjene til kystsonesoneplanen ligg det allereie eit føre-var-prinsipp som skal leggast til grunn for nye tiltak innafør område som</p>

		<p>er føreslege som marint verneområde. Ved vidare utvikling av eksisterande verksemd skal det visast varsemd i høve til verdiane i området. Etter vår vurdering er framlegg til marint vern ivaretatt i kystsonenplanen og marin verneplan vil ikkje påverka slik at vedtak bør utsetjast.</p> <p>Det er uheldig å utsetje planvedtak til ny sonestruktur, sjukdomsreglar og marin verneplan er vedtatt og erfart. Planmaterialet vil då vere utdatert. Planen bør vedtakast og heller endrast om erfaring syner at den er lite tenleg ved dei nye forvaltingsreglane.</p>
	Føresegner for interkommunal strandsoneplan er vedtatt	<p>Det har vore møter mellom fylkesmannen og SRS etter høringsuttalen. Forholdet til interkommunal strandsoneplane er avklart. Regional planlegging er etter PBL overordna i høve til kommunal eller interkommunal plan. Slik er hierarkiet i plansystemet bygd opp. Dei regionale retningslinjene for strandsona er overordna og ikkje i konflikt med interkommunal strandsoneplan.</p>
	Planen kan sikra at Shl kan ta del i forventa vekst i havbruksnæringa	<p>Mogleg vekst må avklarast gjennom sektorlovverket. Kystsonenplanen avklarar arealmessig struktur, ikkje framtidig vekst. Det er i planframlegget avsett betydeleg meir areal til akvakultur enn eksisterande situasjon.</p>
	Det må gjerast nærare konsekvensvurdering av samfunnseffektar som følgje av bruk av arealsone landskap.	<p>Konsekvensutgreiing for regionale planar med retningslinjer for utbygging skal være på eit overordna nivå. Det er utarbeidd KU i planen på eit overordna nivå.</p> <p>Arealsonene er ikkje i seg sjølv eit vern, men områda skal takast vare på gjennom omsyn i lokal planlegging og forvaltning. Det er ikkje eit mål å leggje lokk på lokal utvikling, men at det i områda må vere ei tilpassa utvikling tufta på berekraftprinsippet og med omsyn til dei registrerte verdiane. Avgjerande moment er omsyn før bruk, tilpassa bruk og utvikling, samt skjøtsel gjennom bruk. I konkrete saker må kommunane gjere ei vurdering av om tiltaka sin karakter og omfang vil redusera verdiane og ut frå dette gjere vedtak i saka. Viser til retningslinje 3.12 om dette.</p>

INNSPEL FRÅ REGIONALE STATSETATAR

Fiskeridirektoratet		
Fråsegn ved:		
Tema	Innspel	Merknad
	Rår til at blir tatt inn ein supplerande tekst om villfisk (marine artar)	Vert følgt opp

Kap om påverknad frå oppdrettsnæringa bør takast ut og henvisa til nettstader for oppdatert og nyansert informasjon.	Kapitlet om verknad frå oppdrettsnæring gjev vesentleg informasjon og vert ikkje tatt ut.
--	---

Forsvarsbygg

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Konflikt mellom akvakultur og skyte- og øvingsfelt i sjø bl.a. ved Strandvik.	Vert endra.

Fylkesmannen i Hordaland

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Hordaland treng ein overordna regional kystsoneplan som gir klare føresetnader for planar i kommunane og for interkommunale planar for sjø og kystsona. Stort behov for planlegging over kommunegrensene. Planen er eit godt verkemiddel for rettleiing av kommunane.	
	Støttar retningslinjene for strandsona.	
	Kartet er viktig	
	Framleis kritisk til at små areal frå kommuneplanane er vidareført i planen.	Dette vart sjekka ut med kommunane i møterunden aug/sept 2016. Ønskjer å beholde områda i planen.
	Arealsonene for Maurangsfjorden og Lygrepollen bør utvidast. Viktige verdiar vert utelatt.	Vert endra.
	Leveområde for sjøaure og vandringsruter for laksefisk er ikkje fullt utgreidd.	Sjøaure er søkt ivaretatt gjennom retningslinje 3.3.4 <i>Lokalisering av akvakulturområde bør ikkje skje tett opp til anadrome vassdrag.</i> Vandringsrutene for laksefisk er ikkje kartfesta. Det har vore vanskeleg å konkretisera dette. Ny kunnskap om dette temaet får danne grunnlag for revisjon av planen.
	Merknader om forureining frå oppdrett.	Vert diskutert i akvakulturrapporten.
	Konkrete endringsforslag: Retningslinje 2.32: Det skal stillast plankrav til nye byggeområde i strandsona. Retningslinje 2.38: endre omgrepa frå «eigedomar» til «bustad- og fritidsbustadområder»	Retningslinje 2.3.2 vert ikkje endra. Teksten er: Det skal <u>som hovudregel</u> stillast plankrav til nye byggeområde i strandsona. Retningslinje 2.38 vert endra.

Vil verte orientert om vidare utvikling i saka og evt vedtak.	Til orientering
---	-----------------

Kystverket

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Bør revurdera omfang av akvakulturområde i konflikt med farleier.	Vert tatt til følge.
	Positivt at det vert utarbeidd regional plan for utvikling av akvakultur i område med viktige interesser.	
	Langenuen: ønskjer oppbremsing av utviding av akvakulturområde	Akvakulturområde ved Hagberg i Fitjar vert endra etter farleilinja.
	Solesnes og Samlaneset: ber om at desse vert tatt ut.	Solesnes er komme inn i planen ved ein feil. Innspelet vart vurdert til å vere i strid med prinsippa for planen gjennom konflikt med farlei. Området vert justert i høve til farlei. Samlaneset bør justerast til å ikkje vere i konflikt med farlei.
	Ålfjorden: ber om at akvaområdet vert redusert.	Vert endra
	Opplagsområdet i Onarheimsfjorden: og andre opplagsområde bør synleggjerast.	Opplagsområda er ikkje vist i plankartet.

INNSPEL FRÅ NÆRINGSAKTØRAR

Fiskarlaget vest

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Fiskerinæringa burde fått likeverdig behandling som plantema.	Det er avklart gjennom vedtatt planprogram at fiskeri vert handsama i plantema Berekraftig kystsonenplanlegging.
	Positiv til hovudmålet og delmål som berekraftig kystsonenforvaltning. Planen tar ikkje nødvendig omsyn til fiskeri – og havbruksnæringas fundamentalt ulike utfordringar i forhold til arealbruk.	Fiskerinæringas utfordringar er handsama i kap.3.3.
	Mangelfull omtale av oppdrettsnæringas påverknad på naturgrunlaget. Ikkje noko om legemiddel og kjemikalier mot lakselus. Kva er akseptabel påverknad på anna næring og marint miljø?	Dette er vurdert i Akvakulturanalysen som ligg som vedlegg til planen.
	Risikovurderinga frå Havforskning burde bli lagt til grunn.	Siste års Risikovurdering er lagt til grunn.

Endring av ordlyd om fisk som står i lås i kap. 3.3.	Vert endra
Kritisk til konsekvensar av planframlegget i høve fiskeri	
Fiskarlaget ønskjer ikkje fleirbruksområde	Tatt til orientering

Sjømat Norge

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Planforslaget er ikkje godt nok til at vi kan tilrå at planen vert vedteken. Det er feil tidspunkt å vedta slik plan. Ber om utsetjing av endeleg vedtak for planen pga sonestruktur, marint vern, Mattilsynets avstandskrav og KMDs arbeid med veileder for planarbeid i sjø.	Det er uheldig å utsetje planvedtak til ny sonestruktur, sjukdomsreglar og marin verneplan er vedtatt og erfart. Planmaterialet vil då vere utdatert. Planen bør vedtakast og heller endrast om erfaring syner at den er lite tenleg ved dei nye forvaltingsreglane.
	Motsegnrett i 1.3 må takast ut.	Etter PBL gjev regionale planar med arealretta retningslinjer grunnlag for vurdering av motsegn uavhengig av kva som står i retningslinjene til denne planen.
	2.16 må endrast slik at kommunen kan tildela sjøareal til havbruksføremål når dei finn det tenleg.	Område avsett til akvakultur i regionalplanen er retningsgjevande og skal vurderast og detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Planen har retningsgjevande område for akvakultur og fleirbruksområde med akvakultur i plankartet som kommunane som hovudregel skal nytta. Dersom kommunane vil legge ut område for akvakultur utanfor denne strukturen, må det grunnleggjast og utgreiast godt i samband med kommunal planlegging.
	Verneområda er for store og omfattande. Vil hindre utvikling på land og sjø for næringsliv og befolkning.	
	Planen bør vedtas som kunnskapsgrunnlag.	Planframlegget er ein regional plan etter kap.8 i pbl i samsvar med vedtatt regional planstrategi. Det er ikkje aktuelt å vedta planen som kunnskapsgrunnlag.
	3.5 må endrast slik at fortøyningar kan leggjast i sjø og vassdrag generelt.	
	Utstrekninga av arealsone Fitjarøyane må reduserast	Arealzone Fitjarøyane er drøfta særskilt med fylkesmannen som har gått imot reduksjon av området. Dette er også trekt fram i høyringsfråsegna frå FM.

	Foredlingsanlegget ved Brandasund må ha mulighet for utviding.	Utvidingsmoglegheit ligg i planframlegget.
	Nordre og vestre Austevoll må reduserast monaleg.	
	Sårbare område skal ivaretakast, men vernetanken i dokumentet er for framtrekande og bør balanserast meir.	Til orientering

ANDRE INNSPEL

Fagrådet for Etnevassdraget

Fråsegn ved:

Tema	Innspel	Merknad
	Oppdaterte tal frå og resultat frå fiskefella i Etneelva	Vert endra i dokumentet.
	Uenige i at nye og større område for akvakultur og utviding av eksisterande anlegg er positivt i høve til villaks.	
	Enig i at nye areal i utløpet av Hardangerfjorden kan ha negativ verknad på anadrom laksefisk og vandringsrutene. Klart regionalt ansvar og må ikkje overlatast til snevre lokale særinteresser.	
	Vil på det sterkaste protestere mot ei utvikling der det no vert lagt til rette for nye a-område og utviding av eks anlegg i vandringsruta til Etnelaksen og andre villaksstammer i Hardangerfjordsystemet.	Vandringsruta for Etne-laksen var lagt til grunn ved vurdering av nye arealinnspele til oppdrett.